



Til styret

Rosendal 11.3.2019

Protokoll

Styremøte på Park Hotell Voss, 7. mars 2019

Desse møtte: Arne Presthus, Kjetil Larsgard, Ivar Bjørkedokken,
Svein Hjelmeland, Marit Hesvik, Liv Sundrehagen,
Tore Gunnar Hjortland og DL Sølvi Gundersen

Meldt fråfall: Reidar Stenberg, Magnhild Østraat

Sakliste:

Sak 01/19

Godkjenning innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjend slik den låg føre.

Sak 02/19

Godkjenning av referat frå sist styremøte.

Referat vart godkjend slik det låg føre.

Sak 03/19

Årsmøte 2018

Sakliste til årsmøte:

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Val av møteiar og skrivar
4. Val av to til å skriva under møteboka
5. Årsmelding for 2018
6. Rekneskap for 2018
7. Arbeidsplan for 2016-19
8. Budsjett for 2019

Obs. nytt punkt etter vedtektsendring årsmøte 2017:

Valnemda føresler utsendingane

9. Val etter vedtektene:
 - A. Styreleiar for 1 år.
 - B. Val av 2 styremedlemer for 2 år.
 - C. Val av nestleiar for 1 år.
 - D. Val av 4 varamedlem til styret, 2 frå kvar krins, for 1 år.
 - E. **Val av 1 medlem til valnemnda for 4 år.**
 - F. **Val av 2 varamedlemer til valnemnda for 1 år.**
11. Val av revisor for 1 år.
12. Godtgjerdse til tillitsvalde.

Sak 04/19

Krinsmøte

Det vart orientert om krinsmøta som vart haldne i Buskerud og Hordaland

Sak 05/19

Årsmelding 2018

Årsmelding vart godkjend slik den låg føre.

- Sak 06/19 **Rekneskap 2018****
Rekneskapen vart vedteken slik den låg føre.
- Sak 07/19 **Arbeidsplan for 2016-2019****
Til orientering – godkjend tidlegare
- Sak 08/19 **Budsjett 2019****
Forslag til budsjett for 2019
Dette vart endra litt på og er no godkjend.
- Sak 09/19 **Kandidatar til valnemnd****
Etter vedtektene skal styret koma med forslag til nye kandidatar til valnemnda.

Kandidatar til valnemnda som er føreslege for 2019 er:

Johannes Hjelmeland - Kvinnherad- leiar til årsmøtet 2022

2 varamedlemar til valnemnd for 1 år

- 1. Bjørn Kåre Øye – Jondal – attval**
- 2. Bjørn Ola Ådnegard – Ål – ny**

- Sak 10/19 **Ymse****
Vi skal setja ned ei arbeidsgruppe beståande av styremedlemar og landbruksvikarar, for å få ein idèdugnad på korleis me skal gjera laget meir interessant. Og me skal i same gruppe jobba for marknadsføring av arbeidskrafta vår.
Vi ynskjer å ha stand på marknader i framtida for å formidla kva vi kan tilby av gode tenester.

Vi ynskjer og å ta kontakt med skular for å hjelpa til med å formidla arbeidsveke enten på ein gard eller vera med ein landbruksvikar.
Vi har gode ansvars- og ulukkesforsikringar for skuleelevar, som ikkje er nokon kostnad for skulane.

- Sak 11/19 **Møteplan****
Styremøte på Park Hotell Voss 26.mars 2019
Årsmøte på Park Hotell Voss 26. mars 2019

Helsing Arne / Sølvi